



TELEMARK FYLKESKOMMUNE  
Administrasjonen

KD

06 OKT. 2006

200601145-80

Ref.

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep

Vår ref. 06/4432-5  
A00 /SKIS

0032 OSLO

Dato 04.10.2006

## RAPPORT OM ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA OM FAG- OG YRKESOPP - LÆRINGA - HØYRING

Vi viser til Kunnskapsdepartementets brev av 19.05.2006 og vårt brev av 13.09.2006 til departementet der vi oversendte fylkesrådmannens saksframlegg med forslag til vedtak i sak om "Rapport om endringar i opplæringslova om fag- og yrkesopplæring". I brevet nevnte vi at vi ville ettersende vedtak i hovedutvalg for kompetanse.

Hovedutvalg for kompetanse behandlet saken i møte 20.09.2006, sak nr. 47/06. Hovedutvalgets vedtak i saken framgår av vedlagte saksframlegg. Vedtaket er i samsvar med fylkesrådmannens forslag til vedtak som ble meddelt i vårt brev av 13.09.2006.

Hovedutvalgets vedtak er Telemark fylkeskommunes uttalelse i saken.

Sverre Skifjell  
rådgiver - Strategi og planlegging  
sverre.skifjell@t-fk.no

Vedlegg: Sak nr. 47/06 for hovedutvalg for kompetanse uten vedlegg



**Sak nr. 47/06**

**RAPPORT OM ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA OM FAG- OG  
YRKESOPP - LÆRINGA - HØYRING**

Arkivsaksnr.: 06/4432  
Arkivkode: A00  
Møtedato: 20.09.2006  
Saksbehandler: Sverre Skjiffell  
Saksordfører: \*  
Behandling i:  
27/06 Yrkesopplæringsnemnda  
47/06 Hovudutval for kompetanse

**Hovudutval for kompetanse i møte den 20.09.2006 sak nr. 47/06:**

**Vedtak i Hovudutval for kompetanse**

1. *Telemark fylkeskommune sluttar seg til forslaget om at yrkesopplæringsnemnda får ei utvida rolle innafor fag- og yrkesopplæringa samanlikna med i dag.*
2. *Telemark fylkeskommune sluttar seg også til forslaget om at det gjennomførast eit klårare skilje mellom fylkeskommunens oppgåver og yrkesopplæringsnemndas oppgåver.*
3. *Telemark fylkeskommune meiner at det bør gå fram av opplæringslova at fylkeskommunen kan velje eigne representantar i yrkesopplæringsnemnda.*
4. *Telemark fylkeskommune er samd i at dei einskilde bedrifter som inngår i eit opplæringskontor eller ein opplæringsring må godkjennast av fylkeskommunen for at kontoret eller ringen kan godkjennast.*
5. *Telemark fylkeskommune sluttar seg til forslaget om det bør gå klårt fram at lærlingen/lærekandidaten er arbeidstakar i bedrifta som dei har teikna avtale med.*
6. *Telemark fylkeskommune vil foreslå at opplæringsloven § 4-3 formulerast slik at vilkår for å bli godkjend som lærebedrift ut over det som går fram av lova fastsettast av yrkesopplæringsnemnda.*
7. *Telemark fylkeskommune vil foreslå at prøvenemnder oppnemnst av fylkeskommunen etter retningsliner fastsett av yrkesopplæringsnemnda.*

**Behandlinga i Hovudutval for kompetanse**

Fylkesrådmannens forslag til vedtak blei samrøystes vedteke

## Forslag til vedtak frå fylkesrådmannen

1. *Telemark fylkeskommune sluttar seg til forslaget om at yrkesopplæringsnemnda får ei utvida rolle innafør fag- og yrkesopplæringa samanlikna med i dag.*
2. *Telemark fylkeskommune sluttar seg også til forslaget om at det gjennomførast eit klårare skilje mellom fylkeskommunens oppgåver og yrkesopplæringsnemndas oppgåver.*
3. *Telemark fylkeskommune meiner at det bør gå fram av opplæringslova at fylkeskommunen kan velje egne representantar i yrkesopplæringsnemnda.*
4. *Telemark fylkeskommune er samd i at dei einskilde bedrifter som inngår i eit opplæringskontor eller ein opplæringsring må godkjennast av fylkeskommunen for at kontoret eller ringen kan godkjennast.*
5. *Telemark fylkeskommune sluttar seg til forslaget om det bør gå klårt fram at lærlingen/lærekandidaten er arbeidstakar i bedrifta som dei har teikna avtale med.*
6. *Telemark fylkeskommune vil foreslå at opplæringsloven § 4-3 formulerast slik at vilkår for å bli godkjend som lærebedrift ut over det som går fram av lova fastsettast av yrkesopplæringsnemnda.*
7. *Telemark fylkeskommune vil foreslå at prøvenemnder oppnemnast av fylkeskommunen etter retningsliner fastsett av yrkesopplæringsnemnda.*

## Problemstillinga i få ord

Kunnskapsdepartementet har i brev av 19.05.2006 sendt ut rapport frå ei arbeidsgruppe om forslag til endringar i opplæringslova om reglane om fag- og yrkesopplæringa. Høyringsfristen er 15.09.2006. Det føreliggjande saksframlegget med framlegg til vedtak er oversendt departementet. I oversendingsbrevet har vi skreve at fylkeskommunens vedtak i saka vil bli ettersendt så snart det ligg føre. Vi har i brev av 26.05.2006 bede dei vidaregåande skolane om eventuell fråsegn innan 15.08.2006. Ingen av skolane har uttalt seg om forslaget.

## Saksopplysningar

### 1. Innleiing

Kunnskapsdepartementet har i brev av 19.05.2006 sendt ut rapport frå ei arbeidsgruppe om forslag til endringar i reglane om fag- og yrkesopplæringa i opplæringslova. Høyringsfristen er 15.09.2006. Det føreliggjande saksframlegget er oversendt departementet. I oversendingsbrevet har vi skreve at fylkeskommunen i vedtak i saka vil bli ettersendt så snart som mogeleg. Vi har bede dei vidaregåande skolane uttale seg innan 15.08.2006. Ingen av skolane har uttalt seg.

Det forslaget som ligg føre søker å skape eit klårare skilje mellom verksemda til yrkesopplæringsnemnda og verksemda til fylkeskommunen. Samstundes vil yrkesopplæringsnemnda også få oppgåver knytte til fag- og yrkesopplæringa i skolen. I denne samanheng kan vi nemne følgjande forslag:

- Fylkeskommunen skal leggje fram for yrkesopplæringsnemnda saker som er viktige for fag- og yrkesopplæringa før fylkeskommunen gjer vedtak i saka. (ny § 4-8).
- Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for at kvaliteten innafør heile fag- og yrkesopplæringa blir betre ( § 12-4).

- Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for ei best mogeleg dimensjonering og gje fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsetjinga av tilbod innafør dimensjoneringa av den vidaregåande opplæringa (§ 12-4).
- Yrkesopplæringsnemnda skal gje råd om utviklinga av fag- og yrkesopplæringa og korleis samhandlinga mellom skolar og bedrifter kan gje bidrag til regional utvikling av verksemdar og arbeidsplassar (§ 12-4)

## 2. Fylkeskommunens ansvar i forhold til fag- og yrkesopplæringa

Dette er omtalt i kapittel 2 i rapporten. Lovgruppa foreslår mellom anna følgjande:

- At omgrepet tilsyn bare nyttast som nemning på det statlege tilsynet med at skoleeigarar oppfyller opplæringslova med forskrifter.
- At fylkeskommunen får ansvar for å rettleie og følgje opp korleis lærebedrifter organiserer og gjennomfører opplæringa.
- At yrkesopplæringsnemnda skal ha ei sentral rolle i planlegging og utvikling av fylkeskommunens kvalitetssystem for heile fag- og yrkesopplæringa.
- At fylkeskommunen skal sjå til at lærebedrifta har eit internt system for kvalitetssikring og at lærebedrifta rapporterer til fylkeskommunen.

Lovarbeidsgruppa viser til at opplæringslova § 13-10 har reglar om at fylkeskommunen har ansvar for at krava i opplæringslova og forskriftene blir oppfylde. Lovgruppa meiner at denne regelen også gjev heimel for at fylkeskommunen har dette ansvaret overfor opplæringa som finn stad i bedrift. Vidare har yrkesopplæringsnemnda etter gjeldande

§ 12-4 i opplæringslova som oppgåve å føre tilsyn med opplæringa i bedrifter etter opplæringslova. I Telemark har yrkesopplæringsnemnda delegert denne oppgåva til administrasjonen. Lovarbeidsgruppa foreslår at rettleiingsansvaret for opplæringa både i skole og i bedrift blir lagt til same instans – fylkeskommunen.

Yrkesopplæringsnemndas oppgåve vil etter lovarbeidsgruppas forslag vere å arbeide for at kvaliteten innafør heile fag- og yrkesopplæringa blir betre. Vi syner til nærare omtala under pkt. 3 nedafor.

## 3. Områder for samarbeid mellom arbeidslivet og fylkeskommunen

Lovarbeidsgruppa viser til at yrkesopplæringsnemndene etter dagens lovgjeving er forumet for samarbeid på regionalt nivå mellom fylkeskommunen og partane i arbeidslivet. Arbeidsgruppa har kome til 4 hovudområde som det er viktig å samarbeide om:

- Kvalitet
- Dimensjonering
- Rådgeving/Rettleiing
- Regionalt utviklingsarbeid

I forslag til ny § 12-4 i opplæringslova er mellom anna foreslått at:

- Yrkesopplæringsnemnda skal særleg fremje forslag til organisering, arbeidsmåtar og strategiar for å utvikle kvaliteten innafør fag- og yrkesopplæringa
- Yrkesopplæringsnemnda skal vurdere og gje fråsegn om rutinane i fylkeskommunen for å sikre kvaliteten innafør fag- og yrkesopplæringa

- Yrkesoppføringsnemnda skal vurdere kva rolle partane i arbeidslivet skal ha i forhold til kvalitetssikringa og vurdere kvalitetsutviklinga i fag- og yrkesopplæringa.
- Yrkesopplæringsnemnda skal vurdere korleis samhandlinga mellom skolar og lærebedrifter kan betrast.
- Yrkesopplæringsnemnda skal vurdere korleis kompetanseutvikling kan sikrast.

I utgreiinga frå lovarbeidsgruppa er dette utdjupa nærare under 3.3.3.1 ( s. 19-20)

Lovarbeidsgruppa viser til at fylkeskommunen etter opplæringslova § 13-3 femte ledd har ansvar for å *"planleggje og byggje ut det vidaregåande opplæringstilbodet under omsyn til blant anna nasjonale mål, ønska til søkjarane og det behovet samfunnet har til vidaregåande opplæring i alle utdanningsretningar og for ulike aldersgrupper, under omsyn til ansvaret sitt for opplæring i fengsel og i sosial og medisinske institusjonar og behovet for spesialundervisning."*

I forslaget til endring i opplæringslova § 12-4 er det foreslått at

- Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for ei best mogeleg dimensjonering og gi fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsetjinga av tilbod innafør dimensjonering i den vidaregåande opplæringa.

Som kjent gjev yrkesopplæringsnemnda i Telemark råd om dette i dag før fylkeskommunen gjer vedtak og både opplæringskontora, bedriftene og yrkesopplæringsnemnda sjølv er sterkt engasjerte på dette feltet.

Lovarbeidsgruppa foreslår også at

- Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for at rådgjevinga om fag- og yrkesopplæringa blir best mogeleg, og foreslå tiltak der ho ser det nødvendig.

Lovarbeidsgruppa peikar på at yrkesval er basert på at eleven sjølv har ansvar for sitt eige val. Det er derfor viktig at elevane får treffe sine val på eit breiast mogeleg grunnlag.

Vi gjer merksam på at det i Telemark er i gong ei omfattande kompetanseutvikling for rådgjevarar for mellom anna rådgjevarar i vidaregåande skole og i grunnskole i samband med gjennomføring av Kunnskapsløftet. Det er vidare under etablering eit karrieresenter som ledd i eit regionalt parterskap. Det er dessutan jamleg kontakt mellom representantar for bransjar, deriblant opplæringskontor og skolar og elevar.

Lovarbeidsgruppa har også foreslått følgjande:

- Yrkesopplæringsnemnda skal gje råd om korleis utviklinga av fag- og yrkesopplæringa og samhandling mellom skolar og bedrifter kan gje bidrag til regional utvikling, mellom anna utvikling av nye verksemder og arbeidsplassar.

Lovarbeidsgruppa har særleg drøfta det regionale samarbeidet sett i forhold til gjeldande rett i opplæringslova.

Lovarbeidsgruppa har mellom anna gjort framlegg om at

- Nemndas oppgåver knytte til kvalitet, dimensjonering, rådgjeving og regionalt utviklingsarbeid blir gjeve ein sentral plass og utvidast og konkretiserast.
- Yrkesopplæringsnemnda skal gje ein fagleg vurdering ved godkjenning og tilbaketrekking av godkjenning av lærebedrift før fylkeskommunen fattar vedtak.
- Fylkeskommunen overtek dei andre forvaltingsoppgåvene som tidlegare formelt låg til yrkesopplæringsnemnda.
- Yrkesopplæringsnemnda skal i form av vedtak gje fråsegn i alle saker som har betydning for heile fag- og yrkesopplæringa før fylkeskommunen tek avgjerd i saka, deriblant godkjenning av lærebedrifter og lærekontraktar.
- Fylkeskommunen har plikt til å leggje fram saker for yrkesopplæringsnemnda og skal leggje vekt på yrkesopplæringsnemndas vedtak og uttaler når den tek avgjerd som gjeld fag- og yrkesopplæringa.
- Prøvenemnder oppnemnst av fylkeskommunen etter forslag frå yrkesopplæringsnemnda

Etter § 12-4 i framlegget frå lovarbeidsgruppa kan yrkesopplæringsnemnda gje fylkeskommunen fullmakt til å gjere den faglege vurderinga av bedrifter eller utføre andre oppgåver som etter lov eller forskrift er lagde til yrkesopplæringsnemnda.

Blant dei oppgåver som etter gjeldande lov eller forskrift ligg til yrkesopplæringsnemnda foreslår lovgruppa mellom anna følgjande overført til fylkeskommunen:

- Skrive ut fag- og sveinebrev og dokumentasjon på kompetanse.
- Godkjenning av praksis for kandidatar som meld seg opp til fag- eller sveineprøve utan læretid.
- Formidling av lærlingar til lærebedrifter.
- Treffe vedtak om fordeling av tilskott til bedrifter der lærlingen/lærekandidaten skifter lærebedrift.
- Godkjenning av praksis for praksiskandidatar etter opplæringslova § 3-5.

Ei rekkje av dei oppgåvene som i dag ligg til yrkesopplæringsnemnda er i Telemark delegert frå nemnda til administrasjonen. Det gjeld til dømes godkjenning av lærebedrifter og lærekontaktar.

Lovarbeidsgruppa fleirtal foreslår følgjande:

- At partane i arbeidslivet har fleirtal i yrkesopplæringsnemnda og at nemnda har minst ein elev-, lærling eller lærekandidatsrepresentant. Loven fastsett ikkje talet på medlemmer i nemnda. Partsrepresentantane blir oppnemnde etter forslag frå arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgjevarorganisasjonane. Elev-, lærling- eller lærekandidatrepresentanten oppnemnst etter forslag frå organisasjonar for elevar, lærlingar og lærekandidatar der dette finst.

Eit mindretal i lovgruppa foreslår dessutan at det oppnemnst minst ein representant for det pedagogiske personalet i skolen. Dette mindretalet foreslår dessutan at det takast inn i lova at fylkeskommunen i tillegg kan oppnemne eigene representantar i nemnda.

Heile lovgruppa foreslår at:

- Medlemmene i nemnda skal ha brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa
- At kommunelova § 14. nr.1 a om valbarheit ikkje skal gjelde ved oppnemning av medlemmer til nemnda. Det inneber til dømes at medlemmer kan bo i eit anna fylke eller at to fylker kan ha felles yrkesopplæringsnemnd
- Yrkesopplæringsnemndas medlemmer bli oppnemnde for valperioden
- Yrkesopplæringsnemnda vel sjølv leiar og nestleiar

#### 4. Lærebedriftene (inklusive opplæringskontor og opplæringsringar)

Etter gjeldande rett er det to hovudkrav som må vere oppfylde for at ein bedrift kan godkjennast som lærebedrift:

- Bedrifta må aleine eller saman med andre bedrifter kunne tilby opplæring som samsvarar med læreplanane.
- Bedrifta må ha ein fagleg leiar som har ansvaret for opplæringa

Lovgruppa har mellom anna gjort framlegg om følgjande:

- At krava for å få godkjenning som lærebedrift blir tydelegare i lova
- For at eit opplæringskontor eller ein opplæringsring skal godkjennast, må dei einskilde bedrifter som inngår i kontoret eller ringen bli godkjende av fylkeskommunen
- Opplæringskontor/opplæringsringar må ha reglar om samarbeidet mellom kontoret/ringen og medlemsbedriftene. Reglane skal syne kva kvar einskild bedrift skal gje av opplæring og om fordelinga av tilskottet
- Der samansetjinga av eit opplæringskontor/opplæringsring endrar seg skal kontoret/ringen melde frå til fylkeskommunen som skal foreta ei ny vurdering av godkjenninga
- Det presiserast i lova at lærebedriftene får tilskott til opplæringa av lærlingar og lære kandidatlar
- Det synleggjerast i lova at ei lærebedrift kan ha meir enn ein fagleg leiar
- Det lovfestast krav om instruktør ved kvar einskild bedrift som driv opplæring
- Lærebedrifta skal ha eit internt system for kvalitetssikring av opplæringa og skal rapportere til fylkeskommunen
- Fagleg leiar skal ha ansvar for å sjå til at lærebedrifta oppfyller pliktene som følgjer av opplæringslova med forskrifter

#### 5. Lærlingens og lære kandidatens rettar og plikter

Lovarbeidsgruppa foreslår følgjande:

- Lærlingens og lære kandidatens rett til opplæring synleggjerast i lova
- § 4-2 fyrste ledd endrast slik at det eksplisitt kjem fram at lærlingen/lære kandidaten er arbeidstakar i den bedrifta dei har teikna arbeidsavtale med og der de er plassert
- § 4-2 andre ledd endrast slik at det eksplisitt går fram at arbeidsavtala også fell bort ved heving av lærekontrakten etter § 4-6.
- Det blir presisert i lova at der det er same kontraktpartar for lærekontrakten/opplæringskontakten kan arbeidsavtalen ikkje seiast opp utan au lærekontrakten/opplæringskontrakten hevast.

- Det presiserast i lova at der det er ulike kontraktpartar for lærekontrakten/opplæringskontrakten og arbeidsavtala, vil lærekontrakten/opplæringskontrakten framleis gjelde sjølv om arbeidsavtalen seiast opp i medhald av arbeidsmiljølova.
- Standardkontrakten endrast slik at den har ei tilvising til den eller dei arbeidsavtalar som skal teiknast.
- Der lærlingen/lærekandidaten får opplæring ved fleire bedrifter skal ansvarsdelinga kome klårt fram av lærekontrakten/opplæringskontrakten. Fylkeskommunen må i samband med godkjenninga, vurdere om dei ulike aktørar kan gje ei tilfredsstillande opplæring.
- Det skal kome fram av standardkontrakten at arbeidsavtala ikkje kan hevast utan at lærekontrakten/opplæringskontrakten hevast
- Det går fram av standardkontrakten at arbeidsavtala fell bort ved heving av lærekontrakten/opplæringskontrakten eller når læretida er over
- I forskriftsarbeidet innarbeidast ein eksplisitt klagerett for lærekandidatar
- § 4-6 endrast slik at ein lærekontrakt – på visse vilkår – kan endrast til ein opplæringskontrakt
- Det utarbeidast eigen standardkontrakt for lærekandidatar.

#### 6. Lovarbeidsgruppas vurdering av økonomiske konsekvensar og overgangsordningar

Lovarbeidsgruppa viser til at forslaga i hovudsak går ut å flytte mynde, samansetting av yrkesopplæringsnemnda og å presisere og utdjupe eksisterande rettar og plikter. Lovarbeidsgruppa antar derfor at rapporten ikkje fører til auka økonomiske kostnader.

Lovarbeidsgruppa reknar heller ikkje med at det er behov for overgangsordningar. Gruppas forslår at endringar i reglane om yrkesopplæringsnemndas samansetjing trer i kraft etter fylkestingsvalet hausten 2007 og at endringane som gjeld yrkesopplæringsnemndas arbeidsoppgåver trer i kraft frå same tidspunkt.

#### 7. Om saksbehandlinga

Når høyringsfristen er gått ut, vil Kunnskapsdepartementet normalt utarbeide eit forslag til lovendring. Dette forslaget vil normalt bli lagt fram for Stortinget i vårsesjonen 2007 og behandla i denne sesjonen. Truleg vil dei lovendingar som måtte bli vedteke tre i kraft frå 01.08.2007 eller umiddelbart etterpå, jamfør pkt. 6 ovafor.

Etter lovgruppas forslag vil avgjerdsmynde i ei rekke oppgåver som i dag ligg til yrkesopplæringsnemnda bli overførde til fylkeskommunen. Ei av dei fyrste oppgåvene for Telemark fylkeskommune etter at lovendinga er vedteke, blir å vurdere delegering av mynde frå fylkestinget. Som det går fram av saksframlegget er ei rekkje oppgåver som i dag ligg til yrkesopplæringsnemnda delegert til administrasjonen. Derfor vil det truleg også vere naturleg å foreslå at dei oppgåver som fylkeskommunen måtte få, i hovudsak blir delegerte til fylkesrådmannen. Alternativt vil de kunne delegerast til fylkesutvalet eller eit hovudutval.

Det er vidare naudsynt å finne fram til korleis ein skal gjennomføre dei ordningar som måtte bli fastsett i opplæringslova. Før ein tek stilling til dette er det naturleg å drøfte det med mellom anna dei vidaregåande skolane, bedriftene og yrkesopplæringsnemnda. Vi reknar med at dette arbeidet også bør setjast i gong så snart som mogeleg etter at lovendinga er vedteke.



## Vurdering frå fylkesrådmannen

Etter fylkesrådmannens syn er det positivt at lovarbeidsgruppa har søkt å skilje klårare oppgåver som bør ligge til fylkeskommunen og oppgåver som bør liggje til yrkesopplæringsnemnda. Ei rekkje av dei forvaltingsoppgåvene som etter opplæringslova og forskrifter i dag ligg til yrkesopplæringsnemnda, gjennomførast i realiteten av administrasjonen etter fullmakt frå nemnda. Det er også positivt at det er foreslått at nemnda får breiare oppgåver enn i dag.

Under kap. 3 er det foreslått følgjande endring i § 4-3: *"Lærebedrifta må vere fagleg vurdert av yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen kan godkjenne bedrifta. Fylkeskommunen skal leggje avgjerande vekt på yrkesopplæringsnemndas faglege vurdering før endeleg vedtak fattast."*

Fylkesrådmannen vil foreslå *"Vilkår for å bli godkjent som lærebedrift ut over det som går fram av denne lov, fastsettast av yrkesopplæringsnemnda"*.

Vidare foreslår lovarbeidsgruppa at prøvenemnder oppnemnast av fylkeskommunen etter forslag frå yrkesopplæringsnemnda. Vi vil i staden foreslå at prøvenemnder oppnemnast av fylkeskommunen etter retningsliner fastsett av yrkesopplæringsnemnda.

Etter fylkesrådmannens syn er begge dei endringane som er foreslått i avsnitta ovafor meir i trå med den arbeidsdelinga mellom yrkesopplæringsnemnda som lovarbeidsgruppa har søkt å legge opp til i utgreiingsarbeidet

### *Vedlegg:*

*Brev av 15.05.2006 frå Kunnskapsdepartementet*

*Rapport av 15.05.2006 om forslag til endringar i opplæringslovens bestemmelser om fag og yrkesopplæring*



TELEMARK FYLKESKOMMUNE  
Administrasjonen


Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Ref.

Vår ref. 06/4432-2  
A00 /SKIS

Dato 13.09.2006



## RAPPORT OM ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA OM FAG- OG YRKESOPP - LÆRINGA - HØYRING

Vi viser til departementets brev av 15.05.2006.

Saken skal først behandles i yrkesopplæringsnemnda og deretter i hovedutvalget for kompetanse. Både yrkesopplæringsnemnda og hovedutvalget vil behandle saken i møter 20.09.2006. Vi oversender fylkesrådmannens saksframlegg i sak nr. 47/06 for hovedutvalget. Fylkesrådmannens forslag til vedtak framgår av saksframlegget. Vedtaket i hovedutvalget blir ettersendt så snart det foreligger.

Sverre Skifjell  
rådgiver - Strategi og planlegging  
sverre.skifjell@t-fk.no

Vedlegg: Saksframlegg uten vedlegg i sak nr. 47/06 for hovedutvalg for kompetanse



**Sak nr. 47/06**

**RAPPORT OM ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA OM FAG- OG  
YRKESOPP - LÆRINGA - HØYRING**

Arkivsaksnr.: 06/4432  
Arkivkode: A00  
Møtedato: 20.09.2006  
Saksbehandler: Sverre Skiffell  
Saksordfører: \*  
Behandling i:  
/ Yrkesopplæringsnemnda  
47/06 Hovudutval for kompetanse

**Forslag til vedtak frå fylkesrådmannen**

1. *Telemark fylkeskommune sluttar seg til forslaget om at yrkesopplæringsnemnda får ei utvida rolle innafor fag- og yrkesopplæringa samanlikna med i dag.*
2. *Telemark fylkeskommune sluttar seg også til forslaget om at det gjennomførast eit klårare skilje mellom fylkeskommunens oppgåver og yrkesopplæringsnemndas oppgåver.*
3. *Telemark fylkeskommune meiner at det bør gå fram av opplæringslova at fylkeskommunen kan velje eigne representantar i yrkesopplæringsnemnda.*
4. *Telemark fylkeskommune er samd i at dei einskilde bedrifter som inngår i eit opplæringskontor eller ein opplæringsring må godkjennast av fylkeskommunen for at kontoret eller ringen kan godkjennast.*
5. *Telemark fylkeskommune sluttar seg til forslaget om det bør gå klårt fram at lærlingen/lærekandidaten er arbeidstakar i bedrifta som dei har teikna avtale med.*
6. *Telemark fylkeskommune vil foreslå at opplæringsloven § 4-3 formulerast slik at vilkår for å bli godkjend som lærebedrift ut over det som går fram av lova fastsettast av yrkesopplæringsnemnda.*
7. *Telemark fylkeskommune vil foreslå at prøvenemnder oppnemnst av fylkeskommunen etter retningsliner fastsett av yrkesopplæringsnemnda.*

**Problemstillinga i få ord**

Kunnskapsdepartementet har i brev av 19.05.2006 sendt ut rapport frå ei arbeidsgruppe om forslag til endringar i opplæringslova om reglane om fag- og yrkesopplæringa. Høyringsfristen er 15.09.2006. Det føreliggjande saksframlegget med framlegg til vedtak er oversendt departementet. I oversendingsbrevet har vi skreve at fylkeskommunens vedtak i

saka vil bli ettersendt så snart det ligg føre. Vi har i brev av 26.05.2006 bede dei vidaregåande skolane om eventuell fråsegn innan 15.08.2006. Ingen av skolane har uttalt seg om forslaget.

## Saksopplysningar

### 1. Innleiing

Kunnskapsdepartementet har i brev av 19.05.2006 sendt ut rapport frå ei arbeidsgruppe om forslag til endringar i reglane om fag- og yrkesopplæringa i opplæringslova. Høyringsfristen er 15.09.2006. Det føreliggjande saksframlegget er oversendt departementet. I oversendingsbrevet har vi skreve at fylkeskommunen i vedtak i saka vil bli ettersendt så snart som mogeleg. Vi har bede dei vidaregåande skolane uttale seg innan 15.08.2006. Ingen av skolane har uttalt seg.

Det forslaget som ligg føre søkjer å skape eit klårare skilje mellom verksemda til yrkesopplæringsnemnda og verksemda til fylkeskommunen. Samstundes vil yrkesopplæringsnemnda også få oppgåver knytte til fag- og yrkesopplæringa i skolen. I denne samanheng kan vi nemne følgjande forslag:

- Fylkeskommunen skal leggje fram for yrkesopplæringsnemnda saker som er viktige for fag- og yrkesopplæringa før fylkeskommunen gjer vedtak i saka. (ny § 4-8).
- Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for at kvaliteten innafor heile fag- og yrkesopplæringa blir betre ( § 12-4).
- Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for ei best mogeleg dimensjonering og gje fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsetjinga av tilbod innafor dimensjoneringa av den vidaregåande opplæringa (§ 12-4).
- Yrkesopplæringsnemnda skal gje råd om utviklinga av fag- og yrkesopplæringa og korleis samhandlinga mellom skolar og bedrifter kan gje bidrag til regional utvikling av verksemdar og arbeidsplassar (§ 12-4)

### 2. Fylkeskommunens ansvar i forhold til fag- og yrkesopplæringa

Dette er omtalt i kapittel 2 i rapporten. Lovgruppa foreslår mellom anna følgjande:

- At omgrepet tilsyn bare nyttast som nemning på det statlege tilsynet med at skoleeigarar oppfyller opplæringslova med forskrifter.
- At fylkeskommunen får ansvar for å rettleie og følgje opp korleis lærebedrifter organiserer og gjennomfører opplæringa.
- At yrkesopplæringsnemnda skal ha ei sentral rolle i planlegging og utvikling av fylkeskommunens kvalitetssystem for heile fag- og yrkesopplæringa.
- At fylkeskommunen skal sjå til at lærebedrifta har eit internt system for kvalitetssikring og at lærebedrifta rapporterer til fylkeskommunen.

Lovarbeidsgruppa viser til at opplæringslova § 13-10 har reglar om at fylkeskommunen har ansvar for at krava i opplæringslova og forskriftene blir oppfylde. Lovgruppa meiner at denne regelen også gjev heimel for at fylkeskommunen har dette ansvaret overfor opplæringa som finn stad i bedrift. Vidare har yrkesopplæringsnemnda etter gjeldande

§ 12-4 i opplæringslova som oppgåve å føre tilsyn med opplæringa i bedrifter etter opplæringslova. I Telemark har yrkesopplæringsnemnda delegert denne oppgåva til

administrasjonen. Lovarbeidsgruppa foreslår at rettleiingsansvaret for opplæringa både i skole og i bedrift blir lagt til same instans – fylkeskommunen.

Yrkesopplæringsnemndas oppgåve vil etter lovarbeidsgruppas forslag vere å arbeide for at kvaliteten innafor heile fag- og yrkesopplæringa blir betre. Vi syner til nærare omtala under pkt. 3 nedafor.

### 3. Områder for samarbeid mellom arbeidslivet og fylkeskommunen

Lovarbeidsgruppa viser til at yrkesopplæringsnemndene etter dagens lovgjeving er forumet for samarbeid på regionalt nivå mellom fylkeskommunen og partane i arbeidslivet. Arbeidsgruppa har kome til 4 hovudområde som det er viktig å samarbeide om:

- Kvalitet
- Dimensjonering
- Rådgjeving/Rettleiing
- Regionalt utviklingsarbeid

I forslag til ny § 12-4 i opplæringslova er mellom anna foreslått at:

- Yrkesopplæringsnemnda skal særleg fremje forslag til organisering, arbeidsmåtar og strategiar for å utvikle kvaliteten innafor fag- og yrkesopplæringa
- Yrkesopplæringsnemnda skal vurdere og gje fråsegn om rutinane i fylkeskommunen for å sikre kvaliteten innafor fag- og yrkesopplæringa
- Yrkesopplæringsnemnda skal vurdere kva rolle partane i arbeidslivet skal ha i forhold til kvalitetssikringa og vurdere kvalitetsutviklinga i fag- og yrkesopplæringa.
- Yrkesopplæringsnemnda skal vurdere korleis samhandlinga mellom skolar og lærebedrifter kan betrast.
- Yrkesopplæringsnemnda skal vurdere korleis kompetanseutvikling kan sikrast.

I utgreiinga frå lovarbeidsgruppa er dette utdjupa nærare under 3.3.3.1 ( s. 19-20)

Lovarbeidsgruppa viser til at fylkeskommunen etter opplæringslova § 13-3 femte ledd har ansvar for å *”planleggje og byggje ut det vidaregåande opplæringstilbodet under omsyn til blant anna nasjonale mål, ønska til søkerane og det behovet samfunnet har til vidaregåande opplæring i alle utdanningsretningar og for ulike aldersgrupper, under omsyn til ansvaret sitt for opplæring i fengsel og i sosial og medisinske institusjonar og behovet for spesialundervisning.”*

I forslaget til endring i opplæringslova § 12-4 er det foreslått at

- Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for ei best mogeleg dimensjonering og gi fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsetjinga av tilbod innafor dimensjonering i den vidaregåande opplæringa.

Som kjent gjev yrkesopplæringsnemnda i Telemark råd om dette i dag før fylkeskommunen gjer vedtak og både opplæringskontora, bedriftene og yrkesopplæringsnemnda sjølv er sterkt engasjerte på dette feltet.

Lovarbeidsgruppa foreslår også at

- Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for at rådgjevinga om fag- og yrkesopplæringa blir best mogeleg, og foreslå tiltak der ho ser det nødvendig.

Lovarbeidsgruppa peikar på at yrkesval er basert på at eleven sjølv har ansvar for sitt eige val. Det er derfor viktig at elevane får treffe sine val på eit breiast mogeleg grunnlag.

Vi gjer merksam på at det i Telemark er i gong ei omfattande kompetanseutvikling for rådgjevarar for mellom anna rådgjevarar i vidaregåande skole og i grunnskole i samband med gjennomføring av Kunnskapsløftet. Det er vidare under etablering eit karrieresenter som ledd i eit regionalt parterskap. Det er dessutan jamleg kontakt mellom representantar for bransjar, deriblant opplæringskontor og skolar og elevar.

Lovarbeidsgruppa har også foreslått følgjande:

- Yrkesopplæringsnemnda skal gje råd om korleis utviklinga av fag- og yrkesopplæringa og samhandling mellom skolar og bedrifter kan gje bidrag til regional utvikling, mellom anna utvikling av nye verksemdar og arbeidsplassar.

Lovarbeidsgruppa har særleg drøfta det regionale samarbeidet sett i forhold til gjeldande rett i opplæringslova.

Lovarbeidsgruppa har mellom anna gjort framlegg om at

- Nemndas oppgåver knytte til kvalitet, dimensjonering, rådgjeving og regionalt utviklingsarbeid blir gjeve ein sentral plass og utvidast og konkretiserast.
- Yrkesopplæringsnemnda skal gje ein fagleg vurdering ved godkjenning og tilbaketrekking av godkjenning av lærebedrift før fylkeskommunen fattar vedtak.
- Fylkeskommunen overtek dei andre forvaltingsoppgåvene som tidlegare formelt låg til yrkesopplæringsnemnda.
- Yrkesopplæringsnemnda skal i form av vedtak gje fråsegn i alle saker som har betyding for heile fag- og yrkesopplæringa før fylkeskommunen tek avgjerd i saka, deriblant godkjenning av lærebedrifter og lærekontraktar.
- Fylkeskommunen har plikt til å leggje fram saker for yrkesopplæringsnemnda og skal leggje vekt på yrkesopplæringsnemndas vedtak og uttaler når den tek avgjerd som gjeld fag- og yrkesopplæringa.
- Prøvenemnder oppnemnst av fylkeskommunen etter forslag frå yrkesopplæringsnemnda

Etter § 12-4 i framlegget frå lovarbeidsgruppa kan yrkesopplæringsnemnda gje fylkeskommunen fullmakt til å gjere den faglege vurderinga av bedrifter eller utføre andre oppgåver som etter lov eller forskrift er lagde til yrkesopplæringsnemnda.

Blant dei oppgåver som etter gjeldande lov eller forskrift ligg til yrkesopplæringsnemnda foreslår lovgruppa mellom anna følgjande overført til fylkeskommunen:

- Skrive ut fag- og sveinebrev og dokumentasjon på kompetanse.
- Godkjenning av praksis for kandidatar som meld seg opp til fag- eller sveineprøve utan læretid.
- Formidling av lærlingar til lærebedrifter.
- Treffe vedtak om fordeling av tilskott til bedrifter der lærlingen/lærekandidaten skifter lærebedrift.
- Godkjenning av praksis for praksiskandidatar etter opplæringslova § 3-5.

Ei rekkje av dei oppgåvene som i dag ligg til yrkesopplæringsnemnda er i Telemark delegert frå nemnda til administrasjonen. Det gjeld til dømes godkjenning av lærebedrifter og lærekontaktar.

Lovarbeidsgruppas fleirtal foreslår følgjande:

- At partane i arbeidslivet har fleirtal i yrkesopplæringsnemnda og at nemnda har minst ein elev-, lærling eller lærekandidatsrepresentant. Loven fastsett ikkje talet på medlemmer i nemnda. Partsrepresentantane blir oppnemnde etter forslag frå arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgjevarorganisasjonane. Elev-, lærling- eller lærekandidatrepresentanten oppnemnst etter forslag frå organisasjonar for elevar, lærlingar og lærekandidatar der dette finst.

Eit mindretal i lovgruppa foreslår dessutan at det oppnemnst minst ein representant for det pedagogiske personalet i skolen. Dette mindretalet foreslår dessutan at det takast inn i lova at fylkeskommunen i tillegg kan oppnemne eigene representantar i nemnda.

Heile lovgruppa foreslår at:

- Medlemmene i nemnda skal ha brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa
- At kommunelova § 14. nr.1 a om valbarheit ikkje skal gjelde ved oppnemning av medlemmer til nemnda. Det inneber til dømes at medlemmer kan bo i eit anna fylke eller at to fylker kan ha felles yrkesopplæringsnemnd
- Yrkesopplæringsnemndas medlemmer bli oppnemnde for valperioden
- Yrkesopplæringsnemnda vel sjølv leiar og nestleiar

#### 4. Lærebedriftene (inklusive opplæringskontor og opplæringsringar)

Etter gjeldande rett er det to hovudkrav som må vere oppfylde for at ein bedrift kan godkjennast som lærebedrift:

- Bedrifta må aleine eller saman med andre bedrifter kunne tilby opplæring som samsvarar med læreplanane.
- Bedrifta må ha ein fagleg leiar som har ansvaret for opplæringa

Lovgruppa har mellom anna gjort framlegg om følgjande:

- At krava for å få godkjenning som lærebedrift blir tydelegare i lova
- For at eit opplæringskontor eller ein opplæringsring skal godkjennast, må dei einskilde bedrifter som inngår i kontoret eller ringen bli godkjende av fylkeskommunen
- Opplæringskontor/opplæringsringar må ha reglar om samarbeidet mellom kontoret/ringen og medlemsbedriftene. Reglane skal syne kva kvar einskild bedrift skal gje av opplæring og om fordelinga av tilskottet

- Der samansetjinga av eit opplæringskontor/opplæringsring endrar seg skal kontoret/ringen melde frå til fylkeskommunen som skal foreta ei ny vurdering av godkjenninga
- Det presiserast i lova at lærebedriftene får tilskott til opplæringa av lærlingar og lære kandidat
- Det synleggjerast i lova at ei lærebedrift kan ha meir enn ein fagleg leiar
- Det lovfestast krav om instruktør ved kvar einskild bedrift som driv opplæring
- Lærebedrifta skal ha eit internt system for kvalitetssikring av opplæringa og skal rapportere til fylkeskommunen
- Fagleg leiar skal ha ansvar for å sjå til at lærebedrifta oppfyller pliktene som følgjer av opplæringslova med forskrifter

## 5. Lærlingens og lære kandidatens rettar og plikter

Lovarbeidsgruppa foreslår følgjande:

- Lærlingens og lære kandidatens rett til opplæring synleggjerast i lova
- § 4-2 fyrste ledd endrast slik at det eksplisitt kjem fram at lærlingen/lære kandidaten er arbeidstakar i den bedrifta dei har teikna arbeidsavtale med og der de er plassert
- § 4-2 andre ledd endrast slik at det eksplisitt går fram at arbeidsavtala også fell bort ved heving av lærekontrakten etter § 4-6.
- Det blir presisert i lova at der det er same kontraktpartar for lærekontrakten/opplæringskontakten kan arbeidsavtalen ikkje seiast opp utan au lærekontrakten/opplæringskontrakten hevast.
- Det presiserast i lova at der det er ulike kontraktpartar for lærekontrakten/opplæringskontrakten og arbeidsavtala, vil lærekontrakten/opplæringskontrakten framleis gjelde sjølv om arbeidsavtalen seiast opp i medhald av arbeidsmiljølova.
- Standardkontrakten endrast slik at den har ei tilvising til den eller dei arbeidsavtalar som skal teiknast.
- Der lærlingen/lære kandidaten får opplæring ved fleire bedrifter skal ansvarsdelinga kome klårt fram av lærekontrakten/opplæringskontrakten. Fylkeskommunen må i samband med godkjenninga, vurdere om dei ulike aktørar kan gje ei tilfredsstillande opplæring.
- Det skal kome fram av standardkontrakten at arbeidsavtala ikkje kan hevast utan at lærekontrakten/opplæringskontrakten hevast
- Det går fram av standardkontrakten at arbeidsavtala fell bort ved heving av lærekontrakten/opplæringskontrakten eller når læretida er over
- I forskriftsarbeidet innarbeidast ein eksplisitt klagerett for lære kandidat
- § 4-6 endrast slik at ein lærekontrakt – på visse vilkår – kan endrast til ein opplæringskontrakt
- Det utarbeidast eigen standardkontrakt for lære kandidat.

## 6. Lovarbeidsgruppas vurdering av økonomiske konsekvensar og overgangsordningar

Lovarbeidsgruppa viser til at forslaga i hovudsak går ut å flytte mynde, samansetting av yrkesopplæringsnemnda og å presisere og utdjupe eksisterande rettar og plikter. Lovarbeidsgruppa antar derfor at rapporten ikkje fører til auka økonomiske kostnader.

Lovarbeidsgruppa reknar heller ikkje med at det er behov for overgangsordningar. Gruppas forslår at endringar i reglane om yrkesopplæringsnemndas samansetjing trer i kraft etter



fylkestingsvalet hausten 2007 og at endringane som gjeld yrkesopplæringsnemndas arbeidsoppgåver trer i kraft frå same tidspunkt.

## 7. Om saksbehandlinga

Når høyringsfristen er gått ut, vil Kunnskapsdepartementet normalt utarbeide eit forslag til lovendring. Dette forslaget vil normalt bli lagt fram for Stortinget i vårsesjonen 2007 og behandla i denne sesjonen. Truleg vil dei lovendingar som måtte bli vedteke tre i kraft frå 01.08.2007 eller umiddelbart etterpå, jamfør pkt. 6 ovafor.

Etter lovgruppas forslag vil avgjerdsmynde i ei rekke oppgåver som i dag ligg til yrkesopplæringsnemnda bli overførde til fylkeskommunen. Ei av dei fyrste oppgåvene for Telemark fylkeskommune etter at lovendinga er vedteke, blir å vurdere delegering av mynde frå fylkestinget. Som det går fram av saksframlegget er ei rekkje oppgåver som i dag ligg til yrkesopplæringsnemnda delegert til administrasjonen. Derfor vil det truleg også vere naturleg å foreslå at dei oppgåver som fylkeskommunen måtte få, i hovudsak blir delegerte til fylkesrådmannen. Alternativt vil de kunne delegerast til fylkesutvalet eller eit hovudutval.

Det er vidare naudsynt å finne fram til korleis ein skal gjennomføre dei ordningar som måtte bli fastsett i opplæringslova. Før ein tek stilling til dette er det naturleg å drøfte det med mellom anna dei vidaregåande skolane, bedriftene og yrkesopplæringsnemnda. Vi reknar med at dette arbeidet også bør setjast i gong så snart som mogeleg etter at lovendinga er vedteke.

## Vurdering frå fylkesrådmannen

Etter fylkesrådmannens syn er det positivt at lovarbeidsgruppa har søkt å skilje klårare oppgåver som bør ligge til fylkeskommunen og oppgåver som bør liggje til yrkesopplæringsnemnda. Ei rekkje av dei forvaltingsoppgåvene som etter opplæringslova og forskrifter i dag ligg til yrkesopplæringsnemnda, gjennomførast i realiteten av administrasjonen etter fullmakt frå nemnda. Det er også positivt at det er foreslått at nemnda får breiare oppgåver enn i dag.

Under kap. 3 er det foreslått følgjande endring i § 4-3: *”Lærebedrifta må vere fagleg vurdert av yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen kan godkjenne bedrifta. Fylkeskommunen skal leggje avgjerande vekt på yrkesopplæringsnemndas faglege vurdering før endeleg vedtak fattast.”*

Fylkesrådmannen vil foreslå *”Vilkår for å bli godkjent som lærebedrift ut over det som går fram av denne lov, fastsettast av yrkesopplæringsnemnda”*.

Vidare foreslår lovarbeidsgruppa at prøvenemnder oppnemnast av fylkeskommunen etter forslag frå yrkesopplæringsnemnda. Vi vil i staden foreslå at prøvenemnder oppnemnast av fylkeskommunen etter retningsliner fastsett av yrkesopplæringsnemnda.

Etter fylkesrådmannens syn er begge dei endringane som er foreslått i avsnitta ovafor meir i trå med den arbeidsdelinga mellom yrkesopplæringsnemnda som lovarbeidsgruppa har søkt å legge opp til i utgreiingsarbeidet

*Vedlegg:*

*Brev av 15.05.2006 frå Kunnskapsdepartementet*

*Rapport av 15.05.2006 om forslag til endringar i opplæringslovens bestemmelser om fag og yrkesopplæringa*